

KVALITETSFØR OG STOR AVLING

DET ser ut til at vera rette vegen å gå no: laga *kvalitetsfør* til husdyra på *gardane* ved m. a. å slå graset tidlegare, og so dyrke meir rotvokstrar. So kan det verta *produksjonsfør* av det utan kraftfórkjøp eller med lite kraftfør — i vissa lite frå utlandet. Ja den vegen er ein norsk veg, og kanskje den mest lønsame attpå.

Når eg finn grunn til å minna om dette, so er det for samstundes å fortelja, at dei røynsler me har frå fleire hundrad prøvefelt gjer om 7 år gjeng i den lei: kan ein få det engstykket som likevel skal pløggjast til hausten *tidleg slege* — so som ved jonsokleite — då kan ein i de 100 vekstdøgn som er att av sumaren få ei *riktig bra kålrotavling* på den jorda ved å pløggja med det same der er slege og so planta ut 7—8 veker gamle kålrotplantor etter at pløggsla er gjødsla, harva og slådda og tilpakka.

Ikkje *alle* som har prøva denne «*dubbeltavl*», har fått det dei venta; men dei som *planta tidleg nokk*, fekk oftaste mykje meir end vona var.

Då det trass i alt som minner om overproduksjon likevel er slik at me fører inn i landet for mange millioner kroner av mat til folk og fe, gjeld det om å vinna mykje ut av kvart mål jord — serleg for dei med lite jord.

Skulde ein eller annan av dei som les dette, bry seg om å vita noko om dei røynsler eg har med *dubbeltavl* (kålrot etter eng same året), so kan dei få fritt til seg send eit hefte — «100 vekstdøgn etter tidlig slått» — om dette emnet.

Kålrot er som me veit, overlag mat for folk og fe. Den kan det aldrig verta for mykje av; den held seg til langt på vår, da saftrik mat trengst både i fjøs og stald, grisehus, hønsehus — og på kjøkenet.

Både dei med, og dei uten røynsle i dubbelavl bør etter mi meining bu seg på ein slik ekstraåker til sumaren! Serleg på dei små bruk. Dei som tvilar, kan ellest berre spyrja andre, som har prøva denne dyrkingsmåten fleire år, t. d. Styraren av Småbruksskulen atmed Skien.

Det kostar so lite å prøva. Det gjeld likevel å vara ute i rett tid både med såning og anna. Kanske kan heftet eg nemnde, vara til noko hjelp.

Skriv til

Professor Olav Moen,

Landbrukshøgskulen i Ås.